DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

**INNKALLING OG SAKLISTE MØTE I STRAND KYRKJELEG FELLESRÅD 11.01.2023 kl 18 i Tau kyrkje**

1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

2/23 Rekneskap fellesrådet 2022 – førebels

3/23 Rekneskap sokneråda 2022 - førebels

4/23 Godkjenning av budsjett 2023 – økonomiplan 2023-2026

5/23 HMS-rapportering

6/23 Eventuelt og orienteringar

Jørpeland 05. januar 2023

Martin Ivar Arnesen
leiar

Magnus Stokka
kyrkjeverje

## 1/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

**Vedlegg:**
- *Sakliste møte i Strand kyrkjeleg fellesråd 11.01.2023*

**Forslag til vedtak:**
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Jørpeland 5. januar 2023

Magnus Stokka
kyrkjeverje

DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

**2/23 REKNESKAP 2023 - FØREBELS**

**Vedlegg:**
*- Driftsrekneskap for 2022 per 05.01.2023*

**Bakgrunn for saka:**
Strand kyrkjeleg fellesråd får jamleg økonomirapportar gjennom året. Såleis blir dei førebelse rekneskapstala for 2022 lagt fram til orientering. Rekneskap og revisjonsrapport blir endeleg vedtatt på møtet i juni.

**Forslag til vedtak:**
Strand kyrkjeleg fellesråd tar rekneskapsrapporten til orientering.

Jørpeland, 05. januar 2023

Magnus Stokka
kyrkjeverje

DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

## SAKSUTGREIING

Tala så langt (per 05. januar 2023) tyder på at me kjem til å få ein driftsrekneskap med eit overskot i 2022.

Netto driftsresultat er per 05. januar på kr 313 788. Men tala vil endra seg noko når årsoppgjer, avstemming og endeleg kontroll av føringar er gjort.

Det er bla. utestående beløp på ca 123 000 kr som vil komma inn. Dette gjeld mellom anna ca kr 70.000 i straumpengar frå Rogaland fylkeskommune (som dekker 40 % av straumkostnadane i Tau kyrkje som del av leigeavtale for Strand VGS).

Lønn har eit avvik på 47 000 kr i forhold til budsjett.

Det store temaet i fjor var straum. Avviket er på drygt 230 000 i 2022, men faktura for desember er ikkje betalt. Medrekna desember kjem avviket til å bli ca 280 000. Det positive er at kr 90 000 er kome på konto frå staten (Barne – og Familedepartementet). Trekkjer ein frå dette beløpet, er underdekninga på 190 000. Kommunestyret i Strand har vedtatt at dei dekker eit overforbruk av straum i forhold til budsjettet med 80 % av overforbruk etter framlagt dokumentasjon ved årsslutt 2022. Det betyr at det reelle avviket på straum i 2022 ikkje blir meir enn ca kr 40 000.

Fellesrådet vil få endeleg rekneskap for 2022 og revisjonsberetning til behandling på møtet i mars eller i juni. Det ser ikkje ut til at det blir bruk for å ta av disposisjonsfondet. Kyrkjeverja viser elles til førebels rekneskap som ligg vedlagt.

**Forslag til vedtak:**
Strand kyrkjeleg fellesråd tar rekneskapsrapporten til orientering.

Jørpeland 05. januar 2023
Magnus Stokka
kyrkjeverje

# 51 Kirken Drift: Arter

51 Kirken Drift: Arter

| | Budsjett | Regnskap | Avvik |
|---|---|---|---|
| ALLE | 0,00 | -313 786,88 | 313 786,88 |
| 101000 Løn i faste stillingar (stillings ... | 5 437 006,00 | 5 376 137,56 | 60 868,44 |
| 101030 Lønn vikarer ledig stilling Ko ... | 0,00 | 6 699,98 | -6 699,98 |
| 101040 Avtalefesta faste tillegg | 120 326,00 | 123 124,62 | -2 798,62 |
| 101043 Helligdagstillegg i følge turnus | 0,00 | 36 546,79 | -36 546,79 |
| 101090 Anna fastløn | 627 834,00 | 674 332,95 | -46 498,95 |
| 102000 Løn til vikarar (Vikarutg. som... | 0,00 | 16 068,42 | -16 068,42 |
| 102002 Lønn sykevikar > 16 dager K... | 0,00 | 30 885,69 | -30 885,69 |
| 103000 Løn til ekstrahjelp | 0,00 | 6 271,93 | -6 271,93 |
| 103040 Avtalefestede tillegg | 0,00 | 8 235,66 | -8 235,66 |
| 105010 Honorar | 0,00 | 52 500,00 | -52 500,00 |
| 105062 Kjøregodtgjørelse - trekkpliktig | 0,00 | 2 984,62 | -2 984,62 |
| 108002 Møtegodtgjersle | 0,00 | 31 300,00 | -31 300,00 |
| 109000 Arbeidsgivers andel KLP | 955 598,00 | 841 908,26 | 113 689,74 |
| 109040 Gruppelivforsikring | 0,00 | 7 174,83 | -7 174,83 |
| 109041 Ulykkesforsikring | 0,00 | 6 392,80 | -6 392,80 |
| 109900 Arbeidsgiveravgift | 917 225,00 | 874 540,12 | 42 684,88 |
| 109908 Arbeidsgiveravgift avsatte fer... | 89 685,00 | 99 879,71 | -10 194,71 |
| 110000 Kontormateriell | 10 000,00 | 11 299,20 | -1 299,20 |
| 110030 Abonnement/tidsskrift/kjøp a... | 57 000,00 | 18 481,70 | 38 518,30 |
| 111040 Kremasjonsutgifter | 0,00 | 44 419,00 | -44 419,00 |
| 112000 Anna forbruksmateriell/råvar... | 38 200,00 | 90 618,20 | -52 418,20 |
| 112040 Utgiftsdekning (ikkje oppg.pl.... | 0,00 | 928,00 | -928,00 |
| 112049 Hotellfrokost, bevertning mm | 0,00 | 380,00 | -380,00 |
| 112050 Hotellutgifter - møter mm (ik... | 0,00 | 2 857,14 | -2 857,14 |
| 112051 Arbeidstøy ikke oppgavepliktig | 10 000,00 | 10 995,20 | -995,20 |
| 112055 Matvarer administrasjon | 0,00 | 1 945,20 | -1 945,20 |
| 112060 Påskjønning tilsette | 0,00 | 7 380,45 | -7 380,45 |
| 112061 Velferdstiltak | 0,00 | 5 454,22 | -5 454,22 |
| 112095 Øredifferanse | 0,00 | -16,88 | 16,88 |
| 113000 Post, banktenester, telefon | 0,00 | 3 961,00 | -3 961,00 |
| 113010 Telefon | 67 000,00 | 15 697,08 | 51 302,92 |
| 113020 Porto | 0,00 | 286,40 | -286,40 |
| 113031 Gebyr | 0,00 | 10 694,80 | -10 694,80 |
| 113050 It-kommunikasjon | 0,00 | 3 588,00 | -3 588,00 |
| 114000 Annonse, reklame, informasjon | 67 000,00 | 100 618,40 | -33 618,40 |
| 114010 Stillingsannonsar | 0,00 | 28 694,80 | -28 694,80 |
| 115000 Opplæring,kurs(omfattar utgi... | 106 182,00 | 15 500,00 | 90 682,00 |
| 115001 Kursavgifter | 0,00 | 30 620,00 | -30 620,00 |
| 115003 Hotellutgifter - opplæring/kurs | 0,00 | 2 966,79 | -2 966,79 |
| 116080 Annen transport km-godtgjør... | 40 000,00 | 21 663,65 | 18 336,35 |
| 116520 Klesgodtgjersle | 0,00 | 1 848,00 | -1 848,00 |
| 117000 Transportutg./drift av egne o... | 30 000,00 | 40 091,72 | -10 091,72 |
| 117001 Reiseutgifter (båtbilettar, dro... | 0,00 | 20 750,57 | -20 750,57 |
| 118000 Strøm | 320 000,00 | 553 996,65 | -233 996,65 |
| 118500 Forsikringar, og utg. til vakth... | 150 000,00 | -3 030,80 | 153 030,80 |
| 118530 Yrkesskadeforsikring | 0,00 | 12 133,37 | -12 133,37 |
| 119000 Leige av lokale og grunn | 0,00 | 2 000,00 | -2 000,00 |
| 119500 Avgifter, gebyr, lisensar o.l. | 150 000,00 | 50 539,93 | 99 460,07 |
| 119520 Kommunale eigedomsavgifter | 0,00 | 11 325,60 | -11 325,60 |
| 119540 Lisensar | 0,00 | 72 521,00 | -72 521,00 |
| 119550 Kopieringsavtalar | 0,00 | 25 421,00 | -25 421,00 |
| 119560 Årsgebyr | 0,00 | 23 380,00 | -23 380,00 |
| 119570 Kontigenter | 0,00 | 85 391,00 | -85 391,00 |
| 120000 Kjøp og finansiell leasing av ... | 115 000,00 | 45 736,40 | 69 263,60 |
| 120010 Programvare/mediautstyr/IT-... | 0,00 | 7 898,40 | -7 898,40 |
| 122040 Leige av kontormaskinar | 0,00 | 21 737,18 | -21 737,18 |
| 123000 Vedlikehald, byggjetenester/... | 201 744,00 | 1 284,80 | 200 459,20 |
| 123010 Vedlikehald av bygningar (ut... | 0,00 | 134 450,43 | -134 450,43 |
| 123030 Vedlikehald av ytre anlegg (u... | 0,00 | 37 133,24 | -37 133,24 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 124000 Serviceavtaler, reparasjoner ... | 55 000,00 | 57 977,80 | -2 977,80 |
| 126500 Vakthald- og vektartenester, ... | 40 000,00 | 52 953,80 | -12 953,80 |
| 127000 Andre tenester (som inngår i ... | 43 500,00 | 0,00 | 43 500,00 |
| 127010 Honorar (ikkje trekk- og oppg... | 0,00 | 110 465,60 | -110 465,60 |
| 137000 Refusjon til andre | 0,00 | 16 240,00 | -16 240,00 |
| 142900 Moms generell kompensasjon... | 0,00 | 372 405,48 | -372 405,48 |
| 147000 Tilskott/gåver til andre | 0,00 | 20 000,00 | -20 000,00 |
| 150000 Renteutgifter, provisjoner og ... | 0,00 | 174 771,00 | -174 771,00 |
| 150070 Lånekostnader | 0,00 | 1 200,00 | -1 200,00 |
| 151000 Avdragsutgifter på lån | 0,00 | 210 213,00 | -210 213,00 |
| 162000 Sal av varer/tjenester utenfor... | -120 000,00 | -46 420,00 | -73 580,00 |
| 163000 Husleie, utleieinntekter | -20 000,00 | -718 944,20 | 698 944,20 |
| 163030 Festeavgifter | -600 000,00 | -685 885,00 | 85 885,00 |
| 170000 Refusjonar frå staten | 0,00 | -90 000,00 | 90 000,00 |
| 171000 Sjukelønsrefusjon | 0,00 | 5 427,00 | -5 427,00 |
| 171001 Fødselspengar | 0,00 | -110 736,00 | 110 736,00 |
| 172900 Kompensasjon moms påløpt i... | 0,00 | -372 405,48 | 372 405,48 |
| 174000 Refusjon frå fellesråd | -50 000,00 | 0,00 | -50 000,00 |
| 175000 Refusjon frå sokneråd | -200 000,00 | -309 292,00 | 109 292,00 |
| 177000 Refusjon frå andre (private) | 0,00 | -43 194,27 | 43 194,27 |
| 180500 Tilskott frå Den norske kyrkje | -1 998 000,00 | -2 051 300,00 | 53 300,00 |
| 183000 Tilskott frå kommune | -6 610 300,00 | -6 602 813,39 | -7 486,61 |
| 190000 Renteinntekter | -50 000,00 | -73 075,00 | 23 075,00 |

Rekneskap pr 05.01.23 og budsjettforslag 2023 pr nå

| Art | | Budsjett 22 | Regnskap | Avvik | Budsjett 23 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | ALLE | 0 | -313 787 | 313 787 | 0 | |
| 101000 | Løn i faste stillingar | 5 437 006 | 5 376 138 | 54 168 | 5 498 262 | |
| 101030 | Lønn vikarer | 0 | 6 700 | | | |
| 101040 | Avtalefesta faste tillegg | 120 326 | 123 125 | -39 345 | 128 928 | |
| 101043 | Helligdagstillegg i følge turnus | 0 | 36 547 | | | |
| 101090 | Anna fastløn | 627 834 | 674 333 | -163 446 | 659 294 | |
| 102000 | Løn til vikarar | 0 | 16 068 | | | |
| 102002 | Lønn sykevikar > 16 dager Kommunal | 0 | 30 886 | | | |
| 103000 | Løn til ekstrahjelp | 0 | 6 272 | | | |
| 103040 | Avtalefestede tillegg | 0 | 8 236 | | | |
| 105010 | Honorar | 0 | 52 500 | | | |
| 105062 | Kjøregodtgjørelse - trekkpliktig | 0 | 2 985 | | | |
| 108002 | Møtegodtgjersle | 0 | 31 300 | -31 300 | | |
| 109000 | Arbeidsgivers andel KLP | 955 598 | 841 908 | 100 122 | 974 403 | |
| 109040 | Gruppelivforsikring | 0 | 7 175 | | | |
| 109041 | Ulykkesforsikring | 0 | 6 393 | | | |
| 109900 | Arbeidsgiveravgift | 917 225 | 874 540 | 42 685 | 929 394 | |
| 109908 | Arbeidsgiveravgift avsatte feriepenger | 89 685 | 99 880 | -10 195 | 94 392 | |
| 110000 | Kontormateriell | 10 000 | 11 299 | -1 299 | 10 000 | |
| 110030 | Abonnement/tidsskrift/kjøp av bøker | 57 000 | 18 482 | 38 518 | 57 000 | |
| 111040 | Kremasjonsutgifter | 0 | 44 419 | -44 419 | **53 000** | 10 (6 pr d.d.) |
| 112000 | Anna forbruksmateriell | 38 200 | 90 618 | -56 583 | 38 200 | |
| 112040 | Utgiftsdekning | | 928 | | | |
| 112049 | Hotellfrokost | | 380 | | | |
| 112050 | Hotellutgifter - opplæring/kurs | | 2 857 | | | |
| 112051 | Arbeidstøy ikke oppgavepliktig | 10 000 | 10 995 | -15 757 | 22 127 | |
| 112055 | Matvarer administrasjon | 0 | 1 945 | | | |
| 112060 | Påskjønning tilsette | 0 | 7 380 | | | |
| 112061 | Velferdstiltak | 0 | 5 454 | | | |
| 112095 | Øredifferanse | 0 | -17 | | | |
| 113000 | Post, banktenester, telefon | 0 | 3 961 | | | |
| 113010 | Telefon | 67 000 | 15 697 | 32 773 | 30 000 | |
| 113020 | Porto | | 286 | | | |
| 113031 | Gebyr | 0 | 10 695 | | | |
| 113050 | It-kommunikasjon | 0 | 3 588 | | | |
| 114000 | Annonse, reklame, informasjon | 67 000 | 100 618 | -62 313 | 67 000 | |
| 114010 | Stillingsannonsar | 0 | 28 695 | | | |
| 115000 | Opplæring,kurs | 106 182 | 15 500 | 57 095 | 72 000 | |
| 115001 | Kursavgifter | 0 | 30 620 | | | |
| 115003 | Hotellutgifter - opplæring/kurs | 0 | 2 967 | | | |
| 116080 | Annen transport km-godtgj. | 40 000 | 21 664 | 16 488 | 40 000 | |
| 116520 | Klesgodtgjersle | 0 | 1 848 | | | |
| 117000 | Transportutg./drift transportmidl | 30 000 | 40 092 | -30 842 | 40 000 | |
| 117001 | Reiseutgifter (bill, bompenger) | 0 | 20 751 | | | |
| 118000 | Strøm | 320 000 | 553 997 | -233 997 | 465 000 | |
| 118500 | Forsikringar, og utg. til vakthald og sikring | 150 000 | -3 031 | 140 898 | 150 000 | -26000 i 2021 |
| 118530 | Yrkesskadeforsikring | 0 | 12 133 | | | same budsj |
| 119000 | Leige av lokale og grunn | 0 | 2 000 | -2 000 | | |
| 119500 | Avgifter, gebyr, lisensar o.l. | 150 000 | 50 540 | -118 579 | 250 000 | |
| 119520 | Kommunale eigedomsavgifter | 0 | 11 326 | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 119540 | Lisensar | 0 | 72 521 | | | |
| 119550 | Kopieringsavtalar | 0 | 25 421 | | | |
| 119560 | Årsgebyr | 0 | 23 380 | | | |
| 119570 | Kontigenter | 0 | 85 391 | | | |
| 120000 | Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler | 115 000 | 45 736 | 39 628 | 115 000 | |
| 120010 | Programvare, mediautstyr | | 7 898 | | | |
| 122040 | Leige av kontormaskinar | 0 | 21 737 | | | |
| 123000 | Vedlikehald, byggjetenester/Vedlikehald, byggjeten | 201 744 | 1 285 | 28 876 | 280 000 | |
| 123010 | Vedlikehald av bygningar (utvendig/innvendig) | 0 | 134 450 | | | |
| 123030 | Vedlikehald av ytre anlegg (uteanlegg) | 0 | 37 133 | | | |
| 124000 | Serviceavtaler, reparasjoner og vaktmestertjeneste | 55 000 | 57 978 | -2 978 | 67 500 | Orgel, flygler |
| 126500 | Vakthald- og vektartenester, alarm-system | 40 000 | 52 954 | -12 954 | 40 000 | |
| 127000 | Andre tenester (som inngår i egenprod) | 43 500 | 0 | -66 966 | 93 500 | |
| 127010 | Honorar (ikkje trekk- og oppgavepliktige) | 0 | 110 466 | | | |
| 137000 | Refusjon til andre | 0 | 16 240 | -16 240 | 33 000 | ny - vask vgs |
| 142900 | Moms generell kompensasjonsordning | 0 | 372 405 | -372 405 | | |
| 147000 | Tilskott, gåver til andre | | 20 000 | -20 000 | | |
| 150000 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutg. | 0 | 174 771 | -175 971 | 290 000 | ny |
| 150070 | Lånekostnader | 0 | 1 200 | | | |
| 151000 | Avdragsutgifter på lån | 0 | 210 213 | -210 213 | 500 000 | ny |
| | **SUM UT** | **9 648 300** | **10 784 850** | **-1 136 550** | **10 998 000** | |
| | | | | | | |
| 162000 | Sal av varer/tjenester utenfor avg.omr. (Stell av grav) | -120 000 | -46 420 | -73 580 | -120 000 | stell av grav |
| 163000 | Husleie, utleieinntekter | -20 000 | -718 944 | 698 944 | -770 000 | |
| 163030 | Festeavgifter | -600 000 | -685 885 | 85 885 | -600 000 | |
| 170000 | Refusjonar frå staten | | -90 000 | 90 000 | | |
| 171000 | Sjukelønsrefusjon | 0 | 5 427 | 105 309 | | |
| 171001 | Fødselspengar | 0 | -110 736 | | | |
| 172900 | Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapen | 0 | -372 405 | 372 405 | | |
| 173000 | Refusjon frå kommune | 0 | 0 | | -80 000 | strøm vgs |
| 174000 | Refusjon frå fellesråd | -50 000 | 0 | -50 000 | -50 000 | |
| 175000 | Refusjon frå sokneråd | -200 000 | -309 292 | 109 292 | -200 000 | |
| 177000 | Refusjon frå andre (private) | 0 | -43 194 | 43 194 | | bdr |
| 180500 | Tilskott frå Den norske kyrkje | -1 998 000 | -2 051 300 | 53 300 | -1 998 000 | |
| 183000 | Tilskott frå kommune | -6 610 300 | -6 602 813 | -7 487 | -6 630 000 | |
| 185000 | Tilskott frå sokneråd | | | | -500 000 | ny - avdrag |
| 190000 | Renteinntekter | -50 000 | -73 075 | 23 075 | -50 000 | |
| | **SUM INN** | **-9 648 300** | **-11 098 638** | **1 450 338** | **-10 998 000** | |
| | | 0 | -313 788 | 313 788 | 0 | |
| | | **Budsjett 22** | **Regnskap** | **Avvik** | **Budsjett 23** | |

DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

**3/23 REKNESKAP SOKNERÅDA 2022**

**Vedlegg:**
- *Rekneskap for Jørpeland sokneråd 2022*
- *Rekneskap for Strand sokneråd 2022*

**Bakgrunn for saka:**
Strand kyrkjeleg fellesråd har ansvar for å sjå til at soknerråda har økonomisk bæreemne til å finansiera stillingar på givarteneste. Rekneskapstala for 2022 tyder på at soknerråda har kontroll på lønsutgifter.

**Forslag til vedtak:**
Strand kyrkjeleg fellesråd tar rekneskapa til orientering, og ber Jørpeland sokneråd og Strand sokneråd om å ha ein solid finansieringsplan ved ev endringar i stillingar tilsett på givarteneste.

Tau 05. januar 2023

Magnus Stokka
kyrkjeverje

## SAKSUTGREIING

I henhold til Kirkeordning for Den norske kyrkje (KDK) § 17 har kyrkjelege fellesråd eit overordna økonomisk og administrativt ansvar på vegnet av soknet, inklusive forvaltning av midlar som sokneråda stiller til disposisjon for å løysa oppgåver i soknet.

Jørpeland sokneråd har ein resultat på kr 98 068 for 2022, medan resultatet til Strand sokneråd er på kr 14 241. Det ser ut til at det er god kontroll på økonomien til dei to sokneråda.

Nesten 6,3 millionar kr er samla inn til nye Tau kyrkje.

**Forslag til vedtak:**
Strand kyrkjeleg fellesråd tar rekneskapa til orientering, og ber Jørpeland sokneråd og Strand sokneråd om å ha ein solid finansieringsplan ved ev endringar i stillingar tilsett på givarteneste.

Tau 05. januar 2022

Magnus Stokka
kyrkjeverje

05.01.2023

## Jørpeland sokneråd 2022

| Ut | Budsjett 2022 | | Rekneskap 2022 | |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | kr | 300 000 | kr | 126 625,00 |
| Andre driftsutgifter | kr | 82 000 | kr | 133 242,22 |
| Offer/innsamla til andre | kr | 150 000 | kr | 178 789,00 |
| **Sum ut** | **kr** | **532 000** | **kr** | **438 656,22** |

Inn

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Offer eige arbeid | kr | 80 000 | kr | 72 732,00 |
| Givarteneste | kr | 300 000 | kr | 217 999,00 |
| Mva-refusjon | | | kr | - |
| Gåver | | | kr | 7 486,00 |
| Tilskudd | | | kr | 13 584,00 |
| Eigenbetaling mm | | | kr | 12 660,00 |
| Billettter og annet salg | | | kr | 13 767,00 |
| Offer/innsamla til andre | kr | 150 000 | kr | 178 789,00 |
| Innsamla flyktningar Ukraina | | | kr | 14 868,00 |
| Renter | kr | 2 000 | kr | 4 839,00 |
| Frå disp.fond | | | kr | - |
| **Sum inn** | **kr** | **532 000** | **kr** | **536 724,00** |
| Resultat | kr | - | **kr** | **98 068** |

| Disp.fond Jørpeland menighet | 2022 | Resultat | 2023 |
|---|---|---|---|
| Sokneråd | 51 230,96 | **98 067,78** | 149 298,74 |
| Albaniaprosjekt | 142 469,70 | **-142 469,70** | - |
| **SUM** | **193 700,66** | **-44 401,92** | **149 298,74** |
| **3205 40 67916 Kiosk Kraftverket** | **12 380,13** | **92,00** | **12 472,13** |
| **3201 09 23947 Ungdomskor** | **26 248,24** | **-9 022,68** | **17 225,56** |
| SUM BANKKONTI OG KASSE | 232 329,03 | | 178 996,43 |

| Strand sokneråd | | pr. 05.01.23 |
|---|---|---|
| Ut | Budsjett 2022 | Rekneskap 2022 |
| Lønn | kr 180 000 | kr 167 667,00 |
| Driftsutg. Trusoppl. | kr 85 000 | kr 102 376,55 |
| Andre driftsutgifter | kr 140 000 | kr 229 949,02 |
| Offer/innsamla til andre | kr 200 000 | kr 271 689,40 |
| **Sum ut** | **kr 605 000** | **kr 771 681,97** |

Inn

| | | |
|---|---|---|
| Offer eige arbeid | kr 70 000 | kr 72 468,00 |
| Givarteneste | kr 100 000 | kr 87 800,00 |
| Mva-refusjon | kr 10 000 | kr 22 063,38 |
| Gåver mm. | kr 10 000 | kr 45 423,98 |
| Tilskudd | kr 110 000 | kr 63 257,03 |
| Eigenbetaling, sal, mm | kr 102 000 | kr 216 945,00 |
| Offer/innsamla til andre | kr 200 000 | kr 270 270,00 |
| Renteinntekter | kr 3 000 | kr 7 696,00 |
| **Sum inn** | **kr 605 000** | **kr 785 923,39** |
| **Resultat** | kr - | **kr 14 241,42** |
| **Beholdning** | | **kr 267 842,49** |

| **Disposisjonsfond** | **2022** | **resultat** | **til 2023** |
|---|---|---|---|
| SS 3205 30 02233 | 253 601,07 | **14 241,42** | 267 842,49 |

| Ny kyrkje på Tau | | pr. 05.01.23 |
|---|---|---|
| Ut | Budsjett 2022 | Rekneskap 2022 |
| Planter mm | | kr 35 584,50 |
| Gebyr | kr 15 000 | kr 14 887,30 |
| Honorar mm. | kr 5 000 | kr 58 196,00 |
| Overført Fellesrådet | | kr 820 000,00 |
| **Sum ut** | **kr 20 000** | **kr 928 667,80** |

Inn

| | | |
|---|---|---|
| Offer | kr 30 000 | kr 77 642,00 |
| Enkeltgåver, privatpers. | kr 50 000 | kr 189 435,00 |
| Vårbasar, inntekt planting | | kr 33 730,00 |
| Fast givarteneste | kr 800 000 | kr 467 250,00 |
| Gåver firma | kr 260 000 | kr 92 500,00 |
| mva-refusjon | | kr 9 491,00 |
| Inngangspenger Arr | | kr 101 090,00 |
| Utleie (og litt sal) | | kr 76 865,00 |
| Renteinntekter | kr 25 000 | kr 10 425,00 |
| **Sum inn** | **kr 1 165 000** | **kr 1 058 428,00** |
| **Resultat** | **kr 1 145 000** | **kr 129 760,20** |
| **Beholdning** | | **kr 199 525,67** |

| **Disposisjonsfond** | **2022** | **til/fra fond** | **til 2023** |
|---|---|---|---|
| Ny kyrkje 3205 20 60477 | 69 765,47 | **129 760,20** | 199 525,67 |

| | | |
|---|---|---|
| **kr** | **5 970 000,00** | **overført Fellesrådet 2020-2022** |
| **kr** | **6 269 525,67** | **Sum INNSAMLET totalt** |

**4/23 BUDSJETT 2023, ØKONOMIPLAN 2023-2026**

Vedlegg:
*- Forslag til driftsbudsjett for 2023*
*- Forslag til økonomiplan for 2023-2026*

**Bakgrunn for saka:**
Budsjett for 2023 og økonomiplan 2023-2026 blir lagt fram for fellesrådet for endeleg vedtak.

**Saksutgreiing:**

**Inntekter:**
Fellesrådet kan budsjettera med ca 10,99 millionar i inntekter for 2023. Inntektene våre kjem frå:
1) Strand kommune – kr 6 630 000
2) Innsamla midlar – kr 700 000 (200' til stillingar 500' til lån Tau kyrkje)
3) Trusopplæringsmidlar – kr 1 008 000
4) Statlege kateketmidlar – kr 780 000
5) Diakonmidlar - kr 200 000
6) Festeavgifter – kr 600 000
7) Utleige av kyrkjer – kr 770 000 (hovudsakleg utleige ev Tau kyrkje til Strand VGS)
8) Stell av graver – kr 120 000
9) Andre inntekter (refusjon frå andre, renter etc) – kr 180 000.

Løyvinga frå Strand kommune dekkjer ca to tredeler av totalbudsjettet. Lønsveksten blir kompensert i tråd med tenesteytingsavtalen med kommunen. Prisvekst er også dekka inn.

Når det gjeld festeavgiftene, er det viktig å poengtera at desse varierer mykje frå år til år, og er dermed vanskelege å treffa blink på i budsjettet. Dei andre inntektspostane er relativt sikre og føreseielege.

**Utgifter:**
Kyrkjeverja har laga eit forslag til detaljbudsjett for 2023 i balanse (sjå vedlegg), og som for dei føregåande åra vil det bli eit stramt budsjett. Særleg utgiftene til straum er usikre. Det er budsjettert med kr 465 000 i 2023, mot kr 320 000 i 2022 (245 000 i 2021).

**Investeringar:**
Strand kommune har ikkje funne rom for ytterlegare investeringar på 2023-budsjettet. Dette er fellesrådet si prioriterte investerings-liste. Det vil bli jobba med å få oppdatert prisoverslag på utskifting av vindauge i kyrkja på Jørpeland, slik at prosjektet er mest muleg «gryteklart».

1) Utskifting vindauge Jørpeland kyrkje, kr 1,5 mill.
2) Restaurering kapell Idsø, kr 150 000
3) Reparasjon tak og dører kapell Voster, kr 150 000
4) Utbetring tregjerde ved Strand kyrkjegard, kr 150 000
5) Utbetring steingard Strand kyrkjegard, kr 600 000

Kyrkjeverja legg inn dei fem tiltaka i økonomiplanen for 2023-2026 (sjå vedlegg) med mål om få finansiert desse i løpet av økonomiplanperioden.

**Forslag til vedtak:**
Strand kyrkjeleg fellesråd vedtar driftsbudsjett for 2023 og økonomiplan for 2023-2026 slik desse ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

Jørpeland 05. januar 2023

Magnus Stokka
kyrkjeverje

DEN NORSKE KYRKJA
Strand krk. fellesråd

# Økonomiplan for 2023-2026



## Strand kyrkjelege fellesråd

Postadresse:
Postboks 188
4126 Jørpeland

Besøksadresse:
Strand kyrkjekontor
E-post: trond.hjorteland@strand.kommune.no

Telefon: 5174 1136
Telefax: 5174 1131

## Målsettingar:

Fellesrådet har ansvar for å forvalta personale, økonomi, kyrkjer og kyrkjegardar i samsvar med gjeldande lovverk og lokale vedtekter.

**Fellesrådet ved kyrkjeverja og dei tilsette skal legga til rette for at sokneråda og fellesrådet når sine målsettingar ved:**

- *å legga vekt på utvikling av menneskelege ressursar i staben*
- *å legga vekt på samarbeid og samhandling*
- *å ha fokus på dei me skal tena*
- *stadig arbeida for å forplikta kvarandre, og gjera det me kan, innan gitte ressursar, for å gjennomføra vedtatte planar*
- *god styring av økonomien*
- *utarbeiding av gode rutinar/arbeidsbeskrivingar for kontorarbeid/administrasjon og direkte tenester "ute i marka"*
- *at kontortilhøva- og det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet for dei tilsette er godt*

*Visjon for arbeidet i Strand kyrkjelyd:*

***"Kyrkje med rom for alle"***

*Visjon for kyrkjelydsarbeidet på Jørpeland:*

***"Opa kyrkje – levande tru"***

Postadresse:
Postboks 188
4126 Jørpeland

Besøksadresse:
Strand kyrkjekontor
E-post: trond.hjorteland@strand.kommune.no

Telefon: 5174 1136
Telefax: 5174 1131

# 1. BUDSJETT 2023

**Strand kommune overfører til Strand kyrkjeleg fellesråd: kr. 6 630 000**

Stillingar på innsamla midlar frå sokneråda:

| | | |
|---|---|---|
| Jørpeland sokn: | menighetsarbeidar, barn | 25 % |
| Strand sokn: | menighetspedagog | 20 % |
| | **Til saman** | **45 %** |

Utgifter: kr 450 000
Inntekter: kr 450 000

Stillingar på statlege trusopplæringsmidlar:

| | | |
|---|---|---|
| Jørpeland sokn: | kateket | 50 %, |
| | trusopplærar, babysong | 10 % |
| Strand sokn: | kateket | 20 % |
| | menighetspedagog | 30 % |
| | **Til saman** | **110 %** |

Utgifter: kr 1 008 000
Inntekter: kr 1 008 000

Bispedømmerådet dekker til saman 100% stilling som kateket fordelt med 50% stilling Strand og 50% stilling Jørpeland:

Utgifter: kr. 766 000
Inntekter: kr. 766 000

Bispedømmerådet dekker 25% stilling diakon:

Utgifter: kr. 200 000
Inntekter: kr. 200 000

I punkta "Tilgjengelege ressursar" nedanfor er desse stillingane tatt med.

***Viktige opplysningar og endringar i driftsbudsjettet for 2023:***

- Straum er blitt vesentleg dyrare det siste året, og fellesrådet vil ikkje vera i stand til å dekkja desse kostnadene framover – om prisane forblir på eit like høgt nivå. Fellesrådet vil derfor, i tråd med tenesteytingsavtalen, gå i dialog med Strand kommune om dette.

- Tau kyrkje er nå ferdigstilt, men det er ekstrakostnader som er komme på i sluttfasen av prosjektet og som må handterast. Inntil vidare har fellesrådet eit byggjelån som bør løysast inn så snart som råd. Avklaringar med Strand kommune om kostnader knytt til torg og flaumsikring i Tau sentrum, må også avklarast så snart som råd i 2023.

# 2. KYRKJELEG ADMINISTRASJON (041)

### 2.A DEFINISJON/AVGRENSING

Området omfattar drift av fellesrådet og administrasjonsoppgåver tilknytte kyrkjelydskontoret.
I budsjettet blir lønn til administrativt personell, kontorutgifter, møteutgifter, kursutgifter mv. postert her.

Postadresse:
Postboks 188
4126 Jørpeland

Besøksadresse:
Strand kyrkjekontor
E-post: trond.hjorteland@strand.kommune.no

Telefon: 5174 1136
Telefax: 5174 1131

**2.B HOVUDMÅL**
Administrasjonen skal syta for gode kontorrutinar som er i samsvar med gjeldande lovverk.
Framlegg- og oppfølging av saker til sokneråd og fellesråd skal gjerast på ein tilfredstillande måte.
Det skal leggast vekt på personalarbeid og budsjett- og økonomiarbeid.

**2.C ANSVARLEG**
Kyrkjeverja har ansvar for saksframlegg til fellesrådet og har det overordna ansvaret for gode kontorrutinar, samt personalarbeid og budsjett- og økonomiarbeid. Daglege leiarar av sokneråda si verksemd har ansvar for framlegg og oppfølging av saker til sokneråda.

**2.D TILGJENGELEGE PERSONALRESSURSAR**

| | | |
|---|---|---|
| • Dagleg leiar, Strand | 80 % stilling | |
| • Dagleg leiar, Jørpeland | 20 % stilling | |
| • Kyrkjeverje | 100 % stilling | sum 200% |

**2.E TENESTEBESKRIVING**
- Saksførebuinga til fellesråd og sokneråda skal vera klar og forståeleg.
- Faste oppgåver som føring av kyrkjebøker vidareførast.
- Resepsjonstenester – det å ta i mot folk pr. telefon, men også andre besøkande.
- Planleggja verksemda og sette opp turnuslister.
- Me vil vidareføra satsinga på personalarbeidet med faste personalmøte, og opplæring og utvikling av dei tilsette innafor dei rammene som er gitt – i tillegg til stabsturar kvart tredje år.
- Me skal føra postjournalar og arkivera i tråd med vedtekne lovar og forskrifter.
- Administrativt arbeid med budsjett og økonomi. Utarbeiding av handlingsplanar skal kunna lesast og forståast av dei fleste. Me vil kontinuerleg arbeida med å betra arbeidsrutinane.
- HMS skal prioriterast i vår organisasjon. I tillegg vil me arbeida med rolleavklaringar, ansvarsliner og leiarliner.
- Administrasjon - føring av kyrkjegardsdata, gravregister og register for gravfond.
- Arbeida med betring av rutinane for kjøp av tenester.
- Det er viktig at kyrkja si heimeside er oppdatert og at ein kan finna viktige opplysningar der.
- Planlegga drifta av kyrkjegardane, - dette gjeld også økonomi- og budsjettarbeid.
- Kyrkjelydskontoret skal gi god informasjon om arbeidet i sokna.

## 3. KYRKJER (042)

**3.A DEFINISJON/AVGRENSING**
Området omfattar drift av Den norske kyrkja i Strand med alle dei lovpålagde tenestene slik som bryllaup, gravferd og gudstenester. Utgiftene til desse tenestene blir også posterte her. Vidare inneheld tenesta drift og vedlikehald av kyrkjebygningane, samt utgiftsdekking av inventar og utstyr.

**3.B HOVUDMÅL**
Leggja forholda til rette for eit aktivt og engasjert gudstenestearbeid. Sørgja for god drift og godt vedlikehald av kyrkjene.

**3.C ANSVARLEG**
Sokneprestane er ansvarlege for gudstenestelivet og arbeidet kring det. Kyrkjeverja har dagleg ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjene. Soknerådet er ansvarleg for strategien i det kyrkjelydsbyggande arbeidet og skal saman med dei tilsette og frivillige ha merksemda vendt mot "det som kan vekkje og nære det kristelege livet" i sokna.

**3.D TILGJENGELEGE PERSONALRESSURSAR**

| | | |
|---|---|---|
| • Organist | 115 % stilling | |
| • Kyrkjetenar | 145 % stilling | |
| • Vask | 15 % stilling | |
| • Adm. v/daglege leiarar | 40 % stilling | sum 315% |

Postadresse:
Postboks 188
4126 Jørpeland

Besøksadresse:
Strand kyrkjekontor
E-post: trond.hjorteland@strand.kommune.no

Telefon: 5174 1136
Telefax: 5174 1131

**3.E TENESTEBESKRIVING**

- Gjennomføra forordna gudstenester og kyrkjelege handlingar og andre arrangement.

## 4. GRAVPLASSANE (043)

**4.A DEFINISJON/AVGRENSING**

Tenestene omfattar drift og vedlikehald av kyrkjegardane.

**4.B HOVUDMÅL**

Forvalta kyrkjegardane med orden og vørdnad i samsvar med gjeldande lovverk og lokale vedtekter. Informasjon og kontakt med publikum skal vera god.

**4.C ANSVARLEG**

Kyrkjeverja er ansvarleg.

**4.D TILGJENGELEGE RESSURSAR**

| | | |
|---|---|---|
| ▪ Kyrkjegardsarbeider | 140 % stilling | |
| ▪ Sakshandsamar gravlundar. | 20 % stilling | sum 160% |

Strand krk. fellesråd har sett bort ansvaret for alt vedlikehald og praktisk arbeid på dei fem kyrkjegardane til Strand kommune frå og med 01.01.2019. Strand krk. fellesråd har framleis det formelle ansvaret og vil også vidareføra det administrative arbeidet kring kyrkjegardsdrifta som før.

**4.F TENESTEBESKRIVING**

- Syta for at det er ledig plass på kyrkjegardane våre.
- Syta for at arbeidet med gravopning er i samsvar med lovar og forskrifter.
- Halda kyrkjegardane våre velstelte i samsvar med tildelte midlar.
- Krevja inn festeavgifter og betaling for stell av graver.
- Gi god og sakleg informasjon til publikum både når det gjeld pliktar og rettar som festar, men også om andre forhold som gjeld kyrkjegardane.
- Opplæring og utvikling av dei tilsette skal skje slik at dei kan vera fagleg oppdaterte innan arbeidsfeltet.

## 5. ANNA KYRKJELEG VERKSEMD (044)

**5.A DEFINISJON/AVGRENSING**

Området omfattar verksemd knytte til undervisning/trusopplæring, diakoni, kyrkjemusikk, barne- og ungdomsarbeid og andre tiltak av kyrkjelydsbyggande karakter som ikkje høyrer til dei lovpålagde oppgåvene nemnt i sjølve Kyrkjelova.

**5.B HOVUDMÅL**

Legga til rette for eit breitt og livskraftig kyrkjelydsbyggande arbeid innan dei områda som er nemnt i definisjon/avgrensing.

**5.C ANSVARLEG**

Dei daglege leiarane har ansvar for å sjå til at tilsette gjer eit arbeid innan dette feltet som er i samsvar med vedtekne planar og arbeidsbeskrivingar. Sokneråda skal vedta og utarbeida i samarbeid med dei tilsette strategiar og planar for arbeidet i soknet framover.

**5.D TILGJENGELEGE PERSONALRESSURSAR**

| | |
|---|---|
| • Organist | 65 % stilling |
| • Kateketstillingar | 180 % stilling |
| • Menighetspedagogstillingar e.l. | 100% stilling |

- Diakonistilling 50%
- Anna adm/undervisning/ diakoni 40% stilling sum 435%

**5.E TENESTEBESKRIVING**

- Leggja forholda til rette for, og gjennomføra konfirmantundervisning i tråd med sokneråda sine mål for arbeidet. Det er eit mål at konfirmantane skal oppleva at det er kjekt og bli utfordra til tru og teneste.
- Arbeida for å utvikla trusopplæringa i tråd med vedtekne planar og retningslinjer.
- Oppretthalda arbeidet med å samla inn midlar til trusopplæringa slik at me kan jobba vidare med å få eit godt og vidtfemnande arbeid blant barn og unge. For å få til eit godt arbeid må me planleggja, gjennomføra og samarbeida med andre organisasjonar om barne- og ungdomsarbeidet.
- Fortsetja det kyrkjemusikalske arbeidet med å satsa vidare på kor, td barnekor, ungdomskor, ev andre kor.
- Arbeida for eit godt samspel mellom skulane og kyrkja gjennom ulike fellesarrangement.
- Bygga ned kunstige skilje mellom kristenflokkane. Visa respekt for kvarandre og utvikla og styrka fellesskapet mellom dei truande. Alpha-arbeid og smågrupper/fellesskapsgrupper i heimane er satsingsområde.

## 6. SATSINGSOMRÅDE / NYE DRIFTSTILTAK I HANDLINGSPROGRAMPERIODEN 2023-2026

Strand kommune har ikkje funne rom for ytterlegare investeringar på 2023-budsjettet. Dette er fellesrådet si prioriterte investerings-liste.

1) Utskifting vindauge Jørpeland kyrkje, kr 1,5 mill.
2) Restaurering kapell Idsø, kr 150 000
3) Reparasjon tak og dører kapell Voster, kr 150 000
4) Utbetring tregjerde ved Strand kyrkjegard, kr 150 000
5) Utbetring steingard Strand kyrkjegard, kr 600 000

Kyrkjeverja legg inn dei fem tiltaka i økonomiplanen for 2023-2026 med mål om få finansiert desse i løpet av økonomiplanperioden.

## 7. AVSLUTNING

Budsjettrammene for 2023 er som vanleg svært strame. Høge straumkostnadar er blant dei usikre faktorane. Det er derfor viktig å understreka at dersom det skjer noko uventa som krev ekstra innsats på investerings- og/eller vedlikehaldssida, så har ikkje Strand kyrkjeleg fellesråd midlar til å dekka dette.

Tau 05.01.2023

Magnus Stokka
kyrkjeverje

DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

**5/23 HMS-RAPPORTERING** ***Unnt. Offtl. jf. Off. lova § 13.***

**Bakgrunn for saka:**
Strand kyrkjeleg fellesråd får HMS-rapportar på kvart møte. Hovudsakleg er det rapport om avviksmeldingar som blir presentert. Det er ingen meldingar til dette møtet.

**Forslag til vedtak:**
Strand kyrkjeleg fellesråd tar HMS-rapporteringa til orientering.

Jørpeland 05. januar 2023

Magnus Stokka
kyrkjeverje

DEN NORSKE KYRKJA
Strand kyrkjeleg fellesråd

**7/23 EVENTUELT OG ORIENTERINGAR**

- *Møte med rekneskapsførar Strand kommune 10.01*
- *Møte med kommunen seinare i jan. ang utviding Tau kyrkjegard*
- *Frå soknerråda*

Jørpeland 05. januar 2023

Magnus Stokka
kyrkjeverje